

Vedlegg til sak – ekstraavgjeing av barnehage og skuleløyising på Ropeidhalvøya

Barnehage- og skulebruksplan for Suldal kommune har vore ute på høyring frå 1.juli til 12. september 2025.

I høyringsrunden har det kome mange innspel frå heile kommunen på at punkt 7, *Kommunedirektøren tilrår at følgjande sak skal endeleg handsamast andre møterunde i 2026: Framtidig tilbod til barn og elevar på Ropeidhalvøya*, burde vera ein del av sakshandsaminga og ikkje bli handsama ved eit seinare høve.

Kommunedirektøren tek dei tydlege innspela til følge og har på bakgrunn av desse teke inn handsaming av barnehage og skulestruktur på Ropeidhalvøya som punkt 7 og 8 i revidert sak. Endringa inneber at Marvik skule blir lagt ned frå 01.08.26 og elevane ved Marvik skule vert overført til Sand skule. Kjølvikstølen barnehage blir vidareført som i dag. Det skal greiast ut framtidig byggeløyising for Kjølvikstølen barnehage, med prosjektering i 2027.

Bakgrunn

Suldal kommune har dei siste åra fått utarbeidd fleire rapportar og kunnskapsgrunnlag om barnehage- og skulestrukturen i kommunen. Formålet har vore å vurdere kvalitet, ressursbruk og berekraft, og å gje eit best mogleg grunnlag for framtidige politiske vedtak.

Kommunedirektøren har lagt til grunn at sentrale punkt frå prosjektmandatet (sak 087/24) som kvalitet, bemanning, pedagogisk drift, kompetanse, læringsmiljø, utvikling, ressursutnytting og barns beste vurdering skal vera førande i utgreiinga.

Status for dei to einingane på Ropeidhalvøya per september 2025 er at barnehagedrifta i dag er i leigde lokale som ikkje er føremålstenleg til barnehagedrift. Det er driftsteknisk utfordrande ved at kommunen ikkje eig bygget. Reisetid er rekna å vera for lang til å gje barnehagetilbod i andre grender.

Skuletilbodet blir i dag gitt ved Marvik skule, eit bygg som syner å ha store tekniske og føremålstenlege manglar for skuledrift. Bygget er også uheldig plassert i høve til kor barn bur. Kommunedirektøren er også uroa for elevtalet over tid, samstundes som reiseveg er utfordrande med tanke på lengd.

Begge einingane har utfordringar knytt til kompetanse i personalet, utfordringar som har vore til stades over tid.

Kunnskapsgrunnlag

Rapportane frå mellom anna Norconsult, KS-konsulent, Rogaland revisjon, Kommunebarometeret og kommunen sine eigne kvalitetsmeldingar syner fleire utfordringar ved drift av barnehage og skulestruktur i Suldal kommune.

- Rapportane peikar samrøystes på at låge barnetal er den største utfordringa ved vidare skuledrift på Ropeidhalvøya. Det er t.d. fleire skular som blir rekna som små (under 50-70 elevar).
- Elevantalsprognosane viser stabile elevtal som i dag og i periodar over 30 elevar. Dette gjer at læringsmiljøet framleis blir lite robust, og sårbart for fråvær både hos elevar og lærarar.
- Eignaheitsvurderingane viser at fleire bygg har låg funksjonalitet, manglar universell utforming og treng omfattande oppgradering.
- Små einingar gir avgrensa moglegheit for variasjon i undervisning, spesialpedagogisk oppfølging og tverrfagleg samarbeid.
- Dei mange små einingane gjer at barn ikkje får same tilgang til spesialpedagogikk, tverrfagleg samarbeid og breiare læringsmiljø.
- Rapportane peikar på at kompetansemangel og sårbare fagmiljø er særleg tydelege i små einingar.
- Foreldreundersøkinga viser at føresette ofte opplever trivsel og tryggleik lokalt, men dette harmonerer ikkje med dei faktiske utfordringane med kvalitet, rekruttering og kompetanse.
- Suldal kommune har store utfordringar med å rekruttere kvalifiserte lærarar og leiarar.
- Suldal brukar meir på skuledrift enn samanliknbare kommunar. Årsaka er primært mange små einingar og stor overkapasitet i bygg.
- Små einingar som Ropeidhalvøya vil ha avgrensa evne til å tilby attraktive profesjonsfellesskap.
- Dette aukar risikoen for at kvaliteten blir personavhengig og ustabil.
- Vidare skuledrift på Ropeidhalvøya inneber høge kostnader per elev.

Kjølvikstølen barnehage har i dag 21 born som utgjer 29 plassar. Prognosar frå Norconsult (vedlegg) syner ei aukande tal på barn i alderen 0-5 år i åra framover, før det frå 2035 er venta barnetal på dagens nivå, rundt 20 barn for heile aldersgruppa. Ein har over tid hatt utfordringar med pedagogdekninga i barnehagen og det har vore brukt mykje dispensasjon.

Avstanden frå Kjølvikstølen til andre barnehagar i kommune er relativt likt til både Sand, Stølane og Jelsa når ein nyttar bil. Avstanden er frå 28-32 kilometer, som er ein stor avstand når føresette skal levera og hente. Her har ein stor del av dei føresette også køyreveg for å komma til dagens anlegg på Kjølvikstølen.

Dette sett saman med den stabile barnetalsutviklinga gjer at kommunedirektøren vurderer det som naudsynt med framleis barnehagedrift på Kjølvikstølen.

Marvik skule har frå hausten 2026 23 elevar. Skulen er fådelt og har over tid slite med å rekruttera lærarar og leiarar. Marvik skule er også plassert på ein stad der svært få barn kan gå eller sykla til skulen. Flesteparten av alle elevane er i dag avhengige av skuleskyss grunna avstand og farleg skuleveg.

Prognosar frå Norconsult (vedlegg) syner at elevtalet fram mot 2040 vil auka før det mot slutten av perioden går ned att mot dagens nivå.

Dersom Jelsa hadde gått på skule på Ropeidhalvøya vil det i følgje prognosar gje skuledelen eit toppår i 2033/34 med 52 elevar. Elevtala er derimot svingande.

Ei integrering av skuledelen på Jelsa til Kjølvikstølen vil også ha ein skysskostnad kommunen sjølv må dekke med båt på 3,8 millionar per år. Kommunedirektøren har difor vurdert at Jelsa heller bør sokne til Stølane oppvekstsenter i Erfjord.

Ropeidhalvøya som eigen skulekrins, utan påfyll frå andre krinsar, vil gje eit elevsnitt på 29 dei neste 15 åra, noko som ikkje blir vurdert som ei robust eining, verken når det gjeld det pedagogiske eller det sosiale. Det å rekruttere kvalifiserte lærarar er utfordrande med tanke på fagmiljø og som resultata viser over tid har ein ikkje i stor nok grad halde den faglege utviklinga på elevane på mellomtrinnet på dei minste einingane.

Skyssløysing

Reiseveg i ein så stor og vidstrekt kommune som Suldal påverkar både i avstand og tryggleik. Store delar av vegnettet i Suldal kommune har aktsomheitsområde for skred (steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred) knytt til seg. Databasen over registrerte skred viser mange hendingar, men dei fleste er registrerte som mindre steinsprang utan særlege konsekvensar. Det har ikkje vore registrert større steinsprang (over 100 m³) i perioden 1990–2024 i Suldal kommune. Det er heller ikkje registrert dødsfall knytt til skredhendingar i same periode (NSDB)

Fleire område er vurderte som skredpunkt. Det er Staten vegvesen som er vegeigar på Riksveg 13. Kommunedirektøren har bede Statens vegvesen om ein risikoanalyse av vegen og ein uttale knytt til dette. Svaret frå vegvesenet ligg vedlagt i si heilheit (vedlegg 35). Dei finn inga risikoanalyse, men uttaler følgande: *Statens vegvesen tek sitt ansvar*

som vegeigar, og for å drifta og vedlikehalda rv. 13 gjennom Suldal kommune, på største alvor. Ein open veg er ein trygg veg.

Det finst i det sentrale lovverket ikkje fastsette reglar for maksimal reisetid til og frå skulen. Rundskrivet *Retten til skyss UDIR-2-2019* tar for seg reisetid. Her står det at «Skoleskyss må organiseres slik at eleven får en akseptabel reisetid». I vurderinga av kva som er akseptabel reisetid må gåtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng. Det må òg takast med kor lang ventetid eleven har før og etter skulen. Det er altså den totale tida eleven brukar frå hen drar heimanfrå til opplæringa startar, og frå opplæringa er slutt til eleven er heime om ettermiddagen som utgjer den samla reisetida.


Momenta knytt til avstand og tryggleik gjeld også for Ropeidhalvøya. Ein har lang skuleskyss frå nokre område og ein passerer område med rasfare særleg rundt Lovraeidet. Frå bustadhus på Helland ytst i eine enden til husa på Ytra Åsarøy i den andre enden er det 30 kilometer. Frå Helland til dagens skule i Marvik er det 24,3 kilometer. Til kommunesenteret på Sand er det frå Helland 49 kilometer køyring.

Det bur i dag skuleborn på Vormestrand som har 22 kilometer til Marvik skule. Hovudtyngda av elevane som soknar til Marvik skule bur frå Hebnes og innover. Her er avstanden til dagens skule om lag 15 kilometer. Avstanden frå Hebnes til Kjølvikstølen er 8 kilometer. Avstanden til Sand skule er 40 kilometer.

Kommunedirektøren har innhenta informasjon om reisetid for ulike einingar frå dagens transportør Tide som tek utgangspunkt i eksisterande ruter og faktisk reisetid med buss. Frå Hebnes til Sand skule bruker bussen i dag 65 minutt inkludert å vente på buss 161 frå Landsnes på Lovraeidet (vedlegg). Bussen køyrer i dag også nedom Marvik skule, ein ekstratur på 10 minutt. Ein buss som går frå Hebnes kai til Sand skule vil truleg få ei reisetid på 50 minutt.

Rundskrivet *Retten til skyss UDIR-2-2019* peikar på at det er særleg viktig å organisere skyssen for dei som går på første trinn slik at reisetida blir så kort som mogleg. Kommunedirektøren vil difor legge til rette for direkteskyss for elevar i 1-2. klasse.

Kart over barn på Ropeidhalvøya barnehagealder og barneskulealder



- Raudt er elevar som går på Marvik skule i dag
- Blått er barn som er fødte og skal byrje på skulen dei neste 5 åra.

Ut frå kartet ser ein at hovudtyngda av born er frå Hebnes og innover mot Marvik. Området rundt Vormestrand har opplevd vekst og har 6 barn som vil sokna til skulen. Desse er dei som har lengst reiseveg i forslaget med 48 kilometer til Sand skule. Hebnes har 40 kilometer og området frå Vatlandsvåg/Repsbygda omlag 30 kilometer.

Kommunedirektøren legg til grunn to ulike skyssalternativ for elevane frå Marvik skule til Sand skule. Skyssen må leggst opp slik at ventetida på Sand skule blir minst mogleg. Skuledagen på Sand tek til 08:45. Med reisetid på 50 minutt blir avgang frå Hebnes 07:45. Løysinga med buss er den anbefalte då det krev mindre byte av transportmiddel, reisetida er ikkje vesentleg lengre, det er større fleksibilitet og kostanden er mindre:


1. Bussløysing; buss som i dag frå Hebnes til Sand skule for elevar i 3-5.klasse. Det blir organisert eigen direkteskyss for 1-2. klasse frå Hebnes. Same ordning på retur. Elevar frå Helland og innover har i dag eigen tilførselskyss til Hebnes og vil halde fram med det. Elevar frå 3-7. klasse står langs vegen på ruta, som i dag, og det blir organisert tilførselsskyss frå Fjetland og Marvik til bussen for å sikre mest mogleg direkte veg for bussruta (vedlegg).
2. Kombinasjon av buss og båt; eiga båtrute frå Hebnes til Sand med anløp i Vatlandsvåg. Reisetid er rekna å vera 30 minutt med båt pluss tilførselsruter til båt. Likt ved returen. Tilførselsrutene vil ha ei reisetid på 10-15 minutt avhengig av stad og kapasitet hjå leverandør. Ei løysing med båt vil redusera risikoen for ras betrakteleg. Samstundes vil det krevja eit nettverk av tilførselsruter til båtanløpa. Det vil også gje fleire byte av transportmiddel frå buss til båt og så til buss att opp

til Sand skule. Krav til tryggleik på kaiområde og overgangar må også tas omsyn til.

Ein kan også velje å følgje Kolumbus sin ordinære rutebåtskyss 14:45. Det vil innebera unødig venting og vil innebera tilførselsrute frå Marvik og Hebnes og ikkje Vatlandsvåg då båten ikkje går innom der i ordinærrute.

Ei løysing med eigen båt er venta å kosta 4 millionar kroner per år i følgje transportør.

Kart over moglege skyssløysingar



- Blå: eiga direkterute for 1-2.klasse
- Grøn: tilførselsruter
- Raud: ordinær bussrute

skule. Det er også planlagd punktoppgraderingar for Sand skule som eigne punkt i barnehage og skulebruksplanen.

5.5.2.11.1 Oppsummering kapasitet

Samletabellen under viser utnyttingsgraden ved alle skulane i Suldal noverande skuleår, 2024/25. Utnyttingsgraden tar utgangspunkt i dagens elevtal og maksimal kapasitet.

Skule	Elevtal 24/25	Maksimal kapasitet	
		Antal elevar	Utnyttingsgrad
Nesflaten skule	15	47	32 %
Marvik skule	27	79	34 %
Erfjord skule	72	144	50 %
Jelsa skule	17	44	39 %
Sand skule	283	352	80 %
Vinjar skule	97	178	54 %
Sum	511	844	61 %

Tabell 2 visar utnyttingsgraden av kapasiteten på skulane i Suldal, skuleåret 2024/25.

Konklusjon

Endring i barnehage og skulestruktur er krevjande. Barnehagen og skulen si kjerneoppgåve er å oppfylle utdanningsoppdraget: å gje alle barn eit inkluderande, trygt og likeverdig tilbod – både sosialt og fagleg. Det er barnehage- og skuleeigar sitt ansvar å gje einingane gode nok rammer til å drive forsvarlege og likeverdige tenester etter lova og til beste for barna.

Kommunedirektøren legg særleg vekt på følgande når det blir føreslått å legge ned skuledrifta på Ropeidhalvøya;

- Nybygg eller større investeringar knytt til skule på Kjølvikstølen vil ikkje vere berekraftig, då elevgrunnlaget ikkje forsvarar slike utgifter.
- Vidare drift av skule på Ropeidhalvøya framstår som lite berekraftig både fagleg og økonomisk.
- Eit oppvekstsenter på Kjølvikstølen vil krevje betydelege investeringar utan at det gjer eit forsvarleg grunnlag for kvalitet og rekruttering.
- Kommunen bør i staden prioritere å samle ressursar i færre, meir robuste einingar, der barn og unge får eit likeverdig og framtidsretta opplæringstilbod.

Kommunedirektøren meiner at barnehagar og skular med sterke fagmiljø og moderne bygg legg betre til rette for praktisk og variert opplæring i tråd med opplæringslov og læreplan. Dette vil vere til det beste for barna, og veg tyngre enn faktorar som reiseveg og bustadattraktivitet. Sett opp mot faktorar som kvalitet, bemanning, pedagogisk drift,

kompetanse, læringsmiljø, utvikling, ressursutnytting og barns beste vurderer kommunedirektøren at føresetnadane ikkje er til stades for vidare skuledrift på Ropeidhalvøya

Andre punkt som blir omtala før hovudsak grunna relevans til nytt forslag

I høyringsrunden (1.juli til 12.september) har det kome ei rekkje innspel på at ein storskule for grendene i sør er ønskjeleg. Kommunedirektøren har i sitt forslag lagt denne til Erfjord, mellom anna grunna elevgrunnlag.

Det er frå fleire hald peika på at denne heller burde ligge på Jelsa eller ved Tysingvatnet for ei meir sentral plassering og at reiselengda blir meir lik.

Kommunedirektøren vil vidare greia ut kvifor ein vel å ikkje sjå nærare på Jelsa og Tysingvatnet som lokasjonar.

Tysingvatnet eller andre plasseringar midt i region sør blir av kommunedirektøren sett på som lite eigna plassering av fleire grunnar; manglande tilknytning til eit grendesentrum, kostnad og etterbruk, og avstand til Sand skule.

Å bygge ein heilt ny skule til fleire hundre millionar kroner ein stad der det er lite befolkningsgrunnlag blir sett på som svært uheldig.

Løysinga ville også innebera at ein sender over 100 elevar i buss, medan ei løysing ved Stølane vil gje fleire moglegheit til å gå og sykla til skulen enn i dag. Norconsult har berekna at eit nytt oppvekstsenter på Stølane vil gje 38 born i Erfjord-området 2 kilometer eller mindre til skulen, mot 7 elevar i dag. Elevane på Jelsa som i dag tel 17 elevar vil måtte ta buss. Per i dag går 12 av dei 17 til skulen. Elevane på Ropeidhalvøya vil måtte ta buss som i dag.

Avstanden frå ei eventuell plassering ved Tysingvatnet og inn til Sand skule er også 20-25 minutt. Ein kan då også sende elevane til Sand skule når dei uansett må ta buss til ei eventuell plassering ved Tysingvatnet. Totalt sett ser ein at det er grunnlag for tre skular i kommunen, og når det er forsvarleg med tanke på kvalitet, kompetanse og miljø vil ein samfunnsmessig også tene på dette, difor blir det ikkje føreslått å flytte alle til Sand.

Jelsa har også blitt spelt inn som ei eigna plassering av eit nytt skulesenter for region sør, då det geografisk ligg midt mellom Erfjord og Ropeidhalvøyna. Norconsult sine prognosar for elevtal gir Jelsa den mest negative utviklinga av dei tre regionane i sør-Suldal. Jelsa har i dag 22 elevar, men utviklinga syner synkande elevtal. I 2034/35 er elevtalet venta å vera 11 elevar. Året etter 9 elevar. Snittet frå 2031-2041 gir 12,3 elevar. Tilsvarende tal er for Erfjord 75,7 og Ropeidhalvøya 30,1. Difor har ein ikkje gått vidare med Jelsa som eigna plassering.

Kommunedirektøren ser det som uheldig å skyssse 105 elevar, i snitt, til ein skule med berre 12,3 elevar i snitt. Eit anlegg på Jelsa vil kunna ha ein viss bruksverdi også utanom

skuletid, men kommunedirektøren meiner ein treff ein større befolkning også på dette området ved å velje Stølane. Ei skyssløysing til Jelsa vil også ha same effekt for elevane frå Erfjord som ei plassering ved Tysingvatnet, Sand skule blir mest like nære.

Bygging av nytt oppvekstsenter på Stølane for Erfjord og Jelsa skulekrinsar vil vera det beste alternativet for denne delen av Suldal kommune. Det vil gje fleire moglegheit til å gå og sykla til skulen i området enn i dag og vera ei framtidsretta investering i eit område som syner gode elevtal. Det vil leggja til rette for sterke fagmiljø og moderne bygg som igjen legg betre til rette for praktisk og variert opplæring i tråd med opplæringslov og læreplan.